



**ALVER**  
KOMMUNE

# Vår kommune – vår framtid

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022–2034





# ALVER

KOMMUNE

**Utgivar:**

Alver kommune

**Design:**

Reklamehuset Produksjon as

**Illustrasjoner:**

Smula Design & Illustrasjon

**Trykk:**

Molvik Grafisk

**Foto:**

Ola Moen, Jan M. Lillebø,  
Eivind Senneset, Alver kommune

## Alver i tal

2022

---

**29.090**  
INNBYGJARAR

---

**679**  
AREAL (KM<sup>2</sup>)

---

**2.500**  
TILSETTE

---

**4. størst**  
PÅ FOLKETAL  
I VESTLAND





# Innhold

<b>1. Ordføreren om framtida.....</b>	<b>4</b>
<b>2. Slik brukar du samfunnsdelen.....</b>	<b>6</b>
2.1 Kva er ein kommuneplan? .....	7
2.2 Kva er det aller viktigaste?.....	8
2.3 Berekraftig utvikling, kva betyr det for oss? .....	10
2.4 Kommunen si rolle.....	11
<b>3. Folk om framtida .....</b>	<b>12</b>
3.1 Over 1000 har bidratt til planen.....	14
3.2 Dette er folk opptatt av .....	15
<b>4. Utviklingstrekk i Alver .....</b>	<b>16</b>
Rammer for arbeidet og viktige bakgrunnsdokument .....	19
<b>5. Dette skal vi satse på mot 2040 .....</b>	<b>20</b>
5.1 Vår framtidsvisjon for Alver .....	22
5.2 Våre mål og vegval.....	26
5.3 Slik skal vi jobbe for å nå måla .....	55
<b>6. Prinsipp for arealbruk.....</b>	<b>56</b>
6.1 Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging.....	58
6.2 Prinsipp for senterutvikling .....	62
6.3 Prinsipp for bygde- og grendeutvikling .....	66
6.4 Prinsipp for klimavenlege transportløyisingar .....	67
6.5 Oppfølgingsoppgåver i kommuneplanen sin arealdel.....	69
<b>7. Oppfølging av samfunnsdelen.....</b>	<b>70</b>

# 1

Ordføreren  
om framtida



## Kjære alverbu,

Gratulera med Alver kommune sin aller første kommuneplan, og takk til deg som lesar desse orda!  
Eg håpar du blar om og blir med til siste side i planen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel set mål for utviklinga av Alver kommune. Planen er ikkje berre dei tilsette eller politikarane sin plan. Vi som jobbar og er politikarar i kommunen skal sjølvstendig bruke han aktivt, men vi håpar at også du som bur og driv næring her vil bruke planen og bidra til utviklinga av kommunen.

Sidan framtida til Alver er framtida vår, har vi lytta til folk i alle aldrar og alle delar av kommunen vår i arbeidet med planen. Innspele vi har fått visar at vi allereie har mykje å vere stolte av – og byggje vidare på!

Vi har attraktive senter og levande bygder og grender med engasjerte innbyggjarar som bryr seg – om kvarandre og kommunen sin.  
Vi har dyktige bedriftsleiarar som satsar og tenkjer nytt.  
Vi har ein spennande og variert natur.

Vi vil utvikle heile kommunen. Det skal vere godt å bu i heile Alver. Nærleik til skule, barnehage, nærbutikken, naturen og møteplassar er viktig for mange. Difor ønskjer vi å utvikle senterområda med funksjonar du treng i kvardagen. Dette trur vi og vil styrke bygdene og gjere det attraktivt å bu i heile den flotte kommunen vår.

Eg er spent på og optimistisk for framtida til Alver og gler meg til å vidareutvikle kommunen – ilag med deg.



Beste helsing,  
**Sara Hamre Sekkingstad**  
Ordførar i Alver kommune

# 2

**Slik brukar du  
samfunnsdelen**





## 2.1 Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen er ein plan for korleis vi skal utvikle kommunen dei neste 12 åra.

Planen består av to delar:

- **Ein samfunnsdel** som seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit.
- **Ein arealdel** som seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal byggje nye hus, vegar, møteplassar og næring.

Dette er kommuneplanen sin samfunnsdel, den første samfunnsdelen til Alver kommune. Retninga vi har staka ut i denne planen blir følgt opp med tiltak i kommunedelplanar og andre temaplanar.



## 2.2 Kva er det aller viktigaste?

Med denne samfunnsdelen skriv vi det første kapittelet i historia til Alver kommune. Planen teiknar eit bilete av visjonen vår

– kva samfunn vi ønskjer at Alver skal vere.

---

Planen har fire hovudmål som du kan lese meir om i kapittel 5. Den første delen av kapittelet skildrar framtidvisjonen vår:



*Vi vil at det skal vere godt og attraktivt  
å leve, bu, arbeide og skape verdier  
i Alver kommune, med vekst i folketal,  
arbeidsplassar og bedrifter.*

*Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde  
og vere eit nasjonalt tyngdepunkt  
for vekst og utvikling innan grøn industri.*

*Vi vil utvikle heile kommunen.*

## 2.3 Berekraftig utvikling, kva betyr det for oss?

Kommuneplanen vår er tufta på FN sine mål om berekraftig utvikling. Kva betyr dette, eigentleg? Med berekraftsmåla vil vi skape ein ny dimensjon i teneste- og samfunnsutviklinga vår. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til oss som lever i dag, utan at det går ut over komande generasjonar.

Berekraftsmåla til FN er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utlikna ulikskapar og stoppe menneskeskapte klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng.

Vi skal sikre **sosial berekraft** ved at innbyggjarane i Alver opplever fellesskap og tilhøyrighet til nærmiljøet og lokalsamfunnet dei bur i. Attraktive senter og levande bygder og grender med møteplassar, lokalt kultur- og idrettstilbod og sosiale nettverk skal bidra til dette.

Vi skal sikre **økonomisk berekraft** ved at næringslivet har gode rammevilkår til å vekse eller etablere nye næringar. Ein viktig del av den økonomiske berekrafta er at så mange som mogle er i jobb og kan delta i arbeidslivet. Tenestene til kommunen må også vere økonomisk berekraftige.

Vi skal sikre **miljømessig berekraft** ved å ta vare på miljøet og naturen rundt oss. For å oppnå miljømessig berekraft må vi redusere klimagassutslepp, tilpasse oss klimaendringane, bruke areala våre på ein bevisst måte og verne om naturressursane.

Nordhordland er valt ut som eit UNESCO biosfæreområde fordi regionen har blitt utpeikt til å vere eit læringsområde for berekraftig utvikling. Regionen blir skildra som best egna til å representere det moderne og framtidretta i eit variert landskap kor menneske, kultur og natur møtast mellom fjell, hav, kyst og fjord. Alver skal bidra i biosfæresatsinga, og leggje denne til grunn for samfunnsutviklinga i kommunen vår.

Kommunen har allereie ansvar for fleire oppgåver som kan bidra til ei meir berekraftig utvikling. Vi leverer helsetenester, driftar skular og barnehagar, har bustadar til vanskelegstilte, byggjer infrastruktur, sørger for vatn og renovasjon. Vi forvaltar areala våre, sikrar balanse mellom utbygging og grøne areal, og set i verk tiltak for å ta vare på klimaet og miljøet vårt.





## 2.4 Kommunen si rolle

På vegen mot det samfunnet vi ønskjer oss, skal vi møte og takle fleire, store utfordringar. Nokre av utfordringane delar vi med resten av verda – dei vi kallar for megatrender. Viktige stikkord her er urbanisering, klimaendringar og større sosial ulikskap. Andre utfordringar er våre eigne, og handlar mellom anna om store avstandar og meir bilbruk, utanforskap og omstilling av næringslivet.

Kommunen sjølv er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Vi tar vare på og yter tenester til innbyggjarar med ulike behov, og legg til rette for vekst og utvikling av næringslivet gjennom planlegging og utbygging. I tillegg til å vere **ein tilretteleggar** kan vi vere **ein aktiv pådrivar** for å utvikle attraktive plassar å bu og attraktive næringsområde. Dette er ei rolle Alver kommune ønskjer å ta.

Skal vi klare å ta ei slik rolle, er vi avhengige av eit samspel med mange aktørar. Vi må tenke nytt om kva som er kommunen sin rolle. Vi må fjerne oss frå den tradisjonelle ideen om at kommunen «berre» skal yte service og tenester og heller sjå kva vi kan få til ilag.

Når vi lanserer denne planen inviterer vi samstundes private bedrifter, opplæringsaktørar, frivillige lag og organisasjonar, interesseorganisasjonar, kvar enkelt innbyggjar til ein felles, storstilt innsats for framtida til Alver.

# 3

Folk om framtida



*Eg og familien min budde på Tertnes til eg skulle begynne i 6. klasse. Då flytta vi til Toska.*

*Mamma og pappa ønskte seg eit småbruk, der dei kunne ha sauer. Vi som er unge på Radøy har mange ulike tilbod – alt vi treng.*

*Det er forskjellig frå Tertnes der det bur mange folk og du ikkje blir like godt kjent med alle. Når du blir kjent med alle blir det mykje tryggare.*



**Ragna Fineid, ungdom**

## 3.1 Over 1000 har bidratt til planen

Vi har invitert innbyggjarar, politikarar, lag og organisasjonar og næringslivet til å kome med innspel på ulike måtar.

Vi har fått inn over tusen innspel. Folk har mellom anna sagt kva som er bra med å bu, drive næring, arbeide eller vere frivillig i Alver, og peika på kva som kan bli betre. Medverknadsfasen har handla om å bli kjent med den nye kommunen, kva kvalitetar vi har, kva vi vil ta vare på, kva utfordringar vi har og kva retning vi vil utvikle samfunnet vårt i.

Spørsmåla vi har stilt frå vi starta arbeidet med Alver sin første samfunnsdel har vore:

- **Kven er vi?**
- **Kor skal vi?**
- **Korleis kjem vi oss dit?**

Koronapandemien har ført til fleire digitale løysingar og samtalar enn tidlegare. Dei fleste møta har skjedd på Teams, men vi har også gjennomført ein fysisk turne med inviterte deltakarar til møte i alle dei sju sentera.

### Korleis har vi brukt innspela?

Vi har lese alle innspela, og samla dei i rapportar, som politikarane fekk då dei skulle jobbe vidare med samfunnsdelen. På denne måten fekk politikarane i Alver vite kva som er viktig for innbyggjarane og tilsette før dei kom med sine innspel til utviklinga av kommunen vår.

Våren 2021 hadde vi verkstadar med politikarane kor dei fekk diskutere og leggje fram kva dei meiner er kommunen sine største fortrinn og utfordringar. Politikarane fekk mellom anna i oppgåve å prioritere dei fem viktigaste områda dei ønskte endringar innanfor, og diskuterte kva som var kommunen sitt handlingsrom til å gjennomføre endringane.

Innspela frå dei politiske verkstadane oppsummerte vi i ein hovudanalyse som har vore grunnlaget for administrasjonen sitt forslag til mål og delmål i høyringsutkastet.

### Aktiv høyringsperiode

Frå november til februar drog ordførar og varaordførar til ti stader i kommunen. Her prata dei med innbyggjarar om planen. I tillegg arrangerte vi fem høyringsmøte kor ordførar, varaordførar og prosjektleiar presenterte høyringsutkastet, svara på spørsmål og deltok i diskusjon.

Som eit grep for å nå ut med informasjon om innhaldet i samfunnsdelen laga ordførar og varaordførar ein kortfatta digital presentasjon om hovudgrepa og intensjonen i planen. Denne presentasjonen var tilgjengeleg på kommunen sin heimeside.





## 3.2 Dette er folk opptatt av

- **Kven er vi?**  
Dugnadsånd, samarbeidskultur, fellesskap, naboskap, aktive innbyggjarar.
- **Kva har vi?**  
Natur, turstiar, fjell, kyst, sjø, kulturlandskap, levande lokalsamfunn, lokal kultur, lag og organisasjonar, sterk frivilligheit.
- **Kva vil vi?**  
Attraktive senter, aktive lokalsamfunn, lokal omsorg, levande bygder, variasjon i bustadtypar, sterk frivilligheit, breidde i kultur- og idrettstilbod, møteplassar, kollektivtransport, trafikktryggleik.

# 4

Utviklingstrekk  
i Alver





*Det vi opplevde då vi flytta hit frå Bergen  
var at vi hadde alle tilboda vi treng.  
Vi har skule, tannlege, butikkar og kollektivtilbod.*

*Grunnen til at vi ville kjøpe ein gard,  
var at vi alltid har vore veldig interesserte  
i mat og korleis maten blir produsert.*

*Vi var interessert i jakt og friluftsliv  
og likar veldig godt å vere ute og jobbe  
og bruke hendene og dyrke ting.*



**Maya Greve, gardbrukar**

## 4.1 Utviklingstrekk i Alver

### Eit sentralt spørsmål vi har stilt i analysefasen har vore: Kor står vi?

Målet har vore å få god kunnskap og ein felles forståing av nosituasjonen.

Kva er våre mest sentrale fortrinn, styrker og moglegheiter?

Og kva er våre fremste ulemper, utfordringar og trugslar?

Fleire av utviklingstrekk til Alver kommune tar opp i seg både fortrinn og utfordringar.

#### Her blir utviklingstrekk presentert i ei punktliste:

- Ung, men aldrande befolkning
- Spreidd busetjing, store avstandar og bilbasert transport
- Senterstruktur
- Små hushald i store bustader
- Sterk frivilligheit og deltaking i lag og organisasjonar
- Dei fleste har det godt, men utanforskapet aukar
- Høg verdiskaping, men svak arbeidsplassvekst
- Verdiskapinga er i stor grad knytt til petroleumsverksemd
- Mangel på kompetanse og arbeidskraft, særleg innan helse og omsorg
- Nordhordland er eit biosfæreområde
- Store klimagassutslepp
- Venta tap av arbeidsplassar gir behov for omstilling
- Det er behov for tilbod og opplevingar som aukar attraktiviteten
- Nærleiken til Bergen gir tilgang på attraktive jobbar og vekst i folketal, men skarp konkurranse om arbeidskrafta
- Ein av Vestlands største landbrukskommunar

I dokumentet frå analysefasen kan du lese meir om fortrinna og utfordringane til Alver.




## Rammer for arbeidet og viktige bakgrunnsdokument

- FN sine berekraftsmål
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017–2028
- Utviklingsplan for Vestland 2020–2024
- Statlege planretningslinene for klima, energi og klimatilpassing
- Statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Meld.St.5 (2020–2021) Samfunnssikkerhet i en usikker verden
- Nasjonal jordvernstrategi
- Regional plan for klima 2022–2035 (planprogram)
- Intensjonsavtalen for ny kommune (2016)
- Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling i Alver (2019)
- Scenarioanalyse Nordhordland (2021)
- Planprogrammet til samfunnsdelen (2020)
- Utfordringsnotatet som var grunnlag for Alver sin planstrategi (2019)
- Folkehelseoversikt (2020)
- Kulturundersøking Alver (2019)
- Rapportar og innspel frå medverknadsprosessen

# 5

**Dette skal vi satse  
på mot 2040**



*Etter vidaregåande og eit par år  
i oljenæringa på Mongstad fekk eg lyst til å  
utdanne meg til noko som er berekraftig.*

*Eg søkte og kom inn på ei linje  
som heiter havbruksdrift og leiing i Bodø.  
No jobbar eg som driftsteknikar for Lerøy Sjøtroll i Bjørsvik.*

*Eg er oppvaksen på Bø, budde rett ved sjøen der  
og har alltid vore ute og fiska. Det er kjekt å få vere med  
å lage gode og sunne måltid til andre.*



**Camilla Bø, sjømatnæringa**

## 5.1 Vår framtidssjvision for Alver

### Kva vil vi?

Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter.

Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøen industri.

Vi vil utvikle heile kommunen.

Vår framtidssjvision for Alver er bygd på fire hovudmål som fortel kor vi skal vere i 2040:

Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder og grender.

Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.

Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklynge.

Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Vi vil at innbyggjarar, næringsliv og tilreisande skal ha eit godt liv i Alver.

Oppskrifta på **«det gode liv»** er ulik alt etter kven du snakkar med.

For nokon er hovudingrediensen eit trygt og godt nabolag, for andre handlar det om spennande jobbmoglegheiter eller nærleiken til fjell og sjø.

Fordelen med kommunen vår er at vi har alle desse kvalitetane.

- Vi har eit internasjonalt næringsliv, som er på full fart inn i **det grøne skiftet**.
- Vi har ein **fantastisk natur**, som er lett tilgjengeleg og inviterer til aktivitet.
- Vi har **levande bygder og grender** med ivrige eldsjeler, eit rikt kulturliv og mange tilbod.



## Kven er vi?

**Pågangsmotet** og **dugnadsånd** er noko av det som kjenneteiknar kulturen i regionen vår. Dette er ein unik ressurs, som gjer at vi hevdar oss og får ting til – når vi satsar på noko. Næringslivet vårt på Mongstad er eit eksempel på dette. Korpsmiljøet med fleire av verdas beste korps er eit anna.

Historia vår, naturen vår og ressursane våre er faktisk så unike at verdsarvprogrammet UNESCO har gjort Alver og dei andre kommunane i regionen til eit utstillingsvindauga for resten av verda.

Vi er eit **biosfæreområde**. Statusen er både ei anerkjenning og eit ansvar. Med statusen har vi forplikta oss til å utvikle kommunen vår på ein **berkraftig** måte. Når vi set mål for framtida, må vi ta gode val, som sikrar at også komande generasjonar får nytte og glede av naturen og ressursane våre.

Alver kommune er **ein ny kommune**. Etter samanslåinga mellom Lindås, Meland og Radøy 1. januar 2020, vart kommunen mellom dei største i Vestland fylke – både når det gjeld areal og innbyggjartal.

Den stolte og rike arven etter dei tre kommunane er startkapitalen til Alver. Det er viktig for oss å ta vare på og byggje vidare på fortrinna til dei tre gamle kommunane, når vi stakar ut kursen for den nye.

## Kva val gjer vi for å oppfylle framtidsvisjonen?

### 1. Senterutvikling som motor for vekst og utvikling

#### Vi vil utvikle heile kommunen vår.

Vi skal sikre at det blir godt – og attraktivt – å bu og arbeide i alle delar av den nye kommunen. For å få til dette må vi utvikle attraktive senter. Det er viktig for oss at innbyggjarane våre har eit val. Ved å styrke sentera, legg vi både til rette for dei som ønskjer gåavstand til skule, barnehage, fritidstilbod, butikk og andre tilbod – og sikrar samstundes at folk som ønskjer å bu i utkanten har tilbod i nærleiken. Vi vil ha fleire møteplassar som byggjer fellesskap og tilhøyrgheit både til sentera – og på tvers av gamle kommunegrenser. Med denne satsinga blir senterutvikling og senterstruktur ein motor for vekst og utvikling, og vil bidra til aktive lokalsamfunn i heile kommunen.

### 2. Alver – tyngdepunkt for grøn vekst

#### Vi vil satse på Mongstad for vidare vekst og utvikling.

Mongstad er allereie eitt av dei største og viktigaste næringsområda i Noreg, og ein viktig drivkraft for andre næringar i kommunen. Når bedriftene på Mongstad gjer det bra, gjer butikkar og bedrifter i andre delar av kommunen det bra. Industrien på Mongstad har ein unik kompetanse som er avgjerande i det grønne skiftet. Vi vil halde på og vidareutvikle posisjonen vår og ta leiartrøya i arbeidet med å utvikle nye, berekraftige og grønne næringar. Vi vil – vi kan – og vi har plass til å satse.



### **3. Eit rikt kulturliv – eit fundament for det gode liv**

**Vi vil at kulturlivet skal vere ei kjelde for livskvalitet og aktivitet – for alle.**

Det frivillige og profesjonelle kulturlivet er eit fundament for det gode liv, limet i aktive lokalsamfunn. Vi vil sikre at innbyggjarane våre kan utfalde seg og møtast på arenaer for kultur, livssyn, idrett og friluftsliv i heile kommunen. Vi ønskjer å stimulere til at særleg barn og unge kan skape, oppleve, delta og få utvikle seg.

### **4. Trygge og livsglade innbyggjarar**

**Vi vil at innbyggjarane våre , med eit mangfald i alder, kulturell bakgrunn, livssyn, helsetilstand, funksjonsevne og andre ulikskapar utfyller kvarandre og gjev kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå sine føresetnader.**

Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og få den hjelpa dei treng – frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg.





## 5.2 Våre mål og vegval

På dei neste sidene kan du sjå kva mål vi har for framtida til Alver, og korleis vi skal jobbe for å nå dei ulike måla. Innhaldet i dette kapittelet er eit resultat av ei rekke samtalar med innbyggjarar, politikarar og tilsette i kommunen.





# Hovudmål 1:

Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender.

Mål

Vegval

**Nye bustader, handel,  
tenestetilbod og  
kontorarbeidsplassar er  
i stor grad lokalisert i  
definerte senter.**

Vi skal ha ein tredelt senterstruktur, som skildrar kva rolle og funksjonar dei ulike sentera skal ha.


Vi skal leggje til rette for framtidretta infrastruktur og mobilitetsløyser.

Vi skal ha inkluderande møteplassar og ta vare på natur og friluftsområde i og rundt sentera.

Vi skal utvikle gode bu- og nærmiljø for dei som bur og lever i sentera.

Vi skal byggje vidare på og utvikle tilbod i sentera.





Vi skal utvikle heile kommunen, og leggje til rette for utbygging og spreidd busetnad utanfor senterområda.

Vi skal bruke LNF-spreidd som eit aktivt verktøy.

Vi skal leggje til rette for bustadbygging som støttar opp om bygdene og grendene i heile kommunen.

Vi skal utvikle nærmiljø som inviterer til fysisk aktivitet, deltaking og sosial inkludering.

**Alver har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.**

**Alver legg til rette for bustadområde av ulik storleik og spreidd busetnad som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen.**

Vi skal støtte opp om eit mangfaldig lags- og kulturliv.

Vi skal ha desentraliserte tenestetilbod.

Vi skal sikre digital infrastruktur i heile kommunen.

Vi skal vere eit livsynsøpe samfunn.

Vi skal ha effektive, trygge og tilrettelagde transportårer for innbyggjarar og næringsliv.

Vi skal planlegge, utvikle og drifte kommunen slik at vi er klar for å handtere framtidige klimarelaterte hendingar.

Vi skal gjere det enklare for innbyggjarane å gå, sykle, nytte kollektiv og nullutsleppstransport.

Vi skal satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp.

**Alver er eit klimavenleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring.**

Vi skal utvikle Knarvik til eit urbant sentrum med tilbod og tenester som naturleg høyrer heime i eit regionsenter.

Vi skal utvikle Knarvik med gode koplingar mellom sentrum, sjøen og turterrenget i områda rundt.

Vi skal utvikle Knarvik som eit regionalt knutepunkt for kollektivtransport, med effektive og berekraftige tilbod mellom regionen og Bergen sentrum.

**Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaer og møteplassar for heile regionen.**






Vi skal gjennom arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone, vurdere areal for bustader, fritidsbustader, båtplassar og naust i strandsona.

**Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon.**

Vi skal sikre ålmenta sin tilgang til strandsona.

Vi skal sørge for ei berekraftig utvikling av strandsona.





**Alver sikrar naturverdiar  
og naturmangfald, og tek vare  
på verdifulle kulturlandskap,  
kulturmiljø og landbruks-  
og friluftsområde.**

Vi skal ta vare på  
biologiske mangfald,  
og ha eit sterkt jordvern,  
og aktivt forvalte  
verdifulle område.





**Alver sikrar innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik, og beskyttar liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur ved krise- og beredskapssituasjonar.**

Vi skal førebyggja og kartlegge uønska hendingar og vurdere korleis desse kan påverke kommunen.

Vi skal utarbeide og ha beredskapsplanar, med førebudde tiltak, som skal handtere uønska hendingar.



## Hovudmål 2:

Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge.

Mål

Vegval



**Næringslivet i Alver er mangfoldig og konkurransedyktig.**

Vi skal gjere det attraktivt å drive og etablere verksemdar og næringsklynger i Alver.

Vi skal jobbe for å tiltrekkje og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft.

Vi skal etablere og vidareutvikle samarbeid mellom kommunen, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø om kompetanseutvikling og innovasjon.

Vi skal jobbe for å etablere utdanningstilbod knytt til behova i næringslivet vårt.

Vi skal bidra til utvikling av nye næringsar på område der kommunen og regionen har eit fortrinn, til dømes med Mongstad og Region Nordhordland Helsehus.

Vi skal ha byggjeklart næringsareal med tilhøyrande infrastruktur.



Vi skal ha byggeklart næringsareal med tilhørende infrastruktur på Mongstad.

Vi skal samarbeide med bedriftene for å sikre rammevilkår for berekraftig industriutvikling.

**Mongstad og Fensfjordbassenget er eit leiande nasjonalt industriområde for grøn industriutvikling.**

**Næringslivet i Alver utnyttar potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område.**

Vi skal aktivt leggje til rette for berekraftig næringsetablering knytt til sjø, kyst og kystnære område.

Vi skal ha oppdaterte arealplanar for utvikling i sjø og kystnære område.



## Landbruksnæringa i Alver er aktiv og utviklingsorientert.

Vi skal gjere det enklare å byggje hus nr. 2 og hus nr. 3 på garden, så lenge desse er meint å vera ein ressurs for garden.

Vi skal ha ei sterk landbruksforvaltning. Kommunen skal yte god hjelp og støtte til å ta vare på og vidareutvikle eit robust, lokalt landbruk som er i stand til å produsere viktige matvarer med god kvalitet.

Vi skal støtte utvikling av tilleggsnæringar.

Vi skal nytta massar frå utbygging som ressurs for forbedring av jordbruksareal.

Vi skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk.

Vi skal leggje til rette for god produksjon og aktiv drift av eksisterande landbruksareal.


Vi vil gjere det enklare å fornye gamle gardshus til meir moderne bustader for å sikre drifta av eldre gardar.

## Arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet.

Vi skal satse på fortetting og utvikling av eksisterande næringsområde med tilrettelagt infrastruktur.







**Alver er eit  
attraktivt  
reisemål.**

Vi skal støtte lokale  
reiselivsaktørar, og  
marknadsføre Alver som  
reiselivsdestinasjon.

Vi skal bidra til  
at reiselivet utnyttar  
potensialet til å utvikle og  
byggje opp nye attraktive  
opplevingar.





## Hovudmål 3:

Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga.

Mål

Vegval

**Innbyggjarane i Alver  
skapar, opplever og deltek  
aktivt i lokale kultur-  
og idrettstilbod.**

Vi skal sikre ei tilpassa  
og heilskapleg utvikling  
av kulturarenaer og  
idrettsanlegg.

Vi skal ha attraktive  
tilbod og møteplassar  
som seinkar terskelen for  
å delta innan kultur  
og idrett.

Vi skal styrke biblioteka  
si rolle som aktiv formidlar  
og arena for offentleg  
samtale og debatt.

Vi skal styrke  
fagområda kunst og  
scene og det profesjonelle  
kulturfeltet.

Vi skal styrke kulturskulen  
som ein samfunnsbyggjar og  
som ein inkluderande og kreativ  
læringsarena for barn og unge.





Kulturhus og svømmehall skal vere tilgjengeleg for innbyggjarar, lag og organisasjonar, og fungere som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar.

### **Alver har kulturhus og svømmehall i regionsenteret.**

Vi skal samarbeide med næringsliv, frivilligheita, fylkeskommunen og andre relevante instansar for å få på plass eit regional kulturhus og svømmehall.

Vi skal søkje samarbeid med aktuelle stiftingar og andre som løyver midlar til kultur og idrettsanlegg.



## Frivillig sektor i Alver er mangfoldig og sterk.

Vi skal støtte frivillig sektor slik at han kan utvikle seg og bidra etter eige ønskje.

Vi skal leggje til rette for eit tett samarbeid med frivilligheita for å utvikle gode lokalsamfunn, aktuelle tenester og tilbod til innbyggjarane.

Vi skal styrke frivilligsentralen si rolle på følgjande område:

- utvikle og koordinere det frivillige arbeidet.
- vere eit møtepunkt mellom offentlege tenester og det frivillige organisasjonslivet.





**Innbyggjarane og besøkande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon.**

Vi skal sikre at innbyggjarar har tilgang til og kan bruke fjellet, skogen og sjøen.

Vi skal legge til rette for nærturar og aktivitetar der folk bur, og gi god informasjon om tilbodet.

Vi skal vareta og bygge kunnskap om lokal tradisjonskultur.

Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorsk-kommune og jobbe målretta med skriftspråk, dialekt- og talemål.

Vi skal ha ein berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø og kulturarv.

**Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling.**





## Hovudmål 4:


Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Mål


Vegval









**Innbyggjarane i Alver  
bur i trygge  
og gode bustader.**




Vi skal vidareutvikle Alver Tomteselskap som eit verktøy for bustadsosial utbygging.




Vi skal bidra til at innbyggjarar med ulike behov og utfordringar får eit bustadtilbod.



Vi skal ha eit godt psykososialt miljø på alle arenaer der born og unge deltar.



Vi skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats gjennom tverrfagleg samarbeid og koordinering.



Vi skal satse på kvalitet i opplæringa og leggje til rette for at barn og unge opplever meistring, fellesskap og utvikling.



**Born og unge i Alver  
har ein trygg oppvekst.**



**Innbyggjarane i Alver  
har ein meningsfylt  
og aktiv kvardag.**

Vi skal ha aktivitetar,  
tilbod og møteplassar som  
seinkar terskelen for å delta,  
og førebyggjer  
utanforskap.





Vi skal bidra til at utsette born og unge og deira familiar får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

**Innbyggjarane i Alver har gode levekår med sosial og økonomisk tryggleik.**

Vi skal bidra til likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem.

Vi skal sikre at flest mogleg kan bidra i arbeidslivet.

## Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassa sine behov.

Vi skal involvere innbyggjarane i utviklinga av kommunen og dei kommunale tenestene.


Vi skal samarbeide på tvers av fagområde for å koordinere tenester.

Vi skal ha ei effektiv forvaltning som aktivt bidrar til å realisere behov og ønskjer til innbyggjarar og næringsliv.

Vi skal vere ein imøtekommande, løysingsorientert og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.

Vi skal ta i bruk fleire digitale sjølvhjelpslysingar.

Vi skal utvikle kanalar og verktøy som sikrar god kommunikasjon og samhandling med innbyggjarar og næringsliv.





## 5.3 Slik skal vi jobbe for å nå måla

Alver kommune er ein politisk styrt organisasjon med over 2500 tilsette. For å sikre at vi leverer gode tenester på ein berekraftig måte, må vi – både tilsette og politikarar – heile tida leite etter nye og betre måtar å løyse oppgåvene våre på.



# 6

## Prinsipp for arealbruk





*Dette kapitlet er eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplan for Alver, og presenterer prinsipp for arealbruken.*

*Prinsippa viser korleis vi fysisk skal utvikle kommunen vår og avklarar sentrale omgrep.*

*Prinsippa i dette kapitlet er ikkje juridisk bindande, men er eit grunnlag for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.*

## 6.1 Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging

Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging er eit overordna styringsdokument for kommunane. Føremålet med retningslinja er å skape berekraftige og attraktive byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Samordninga skal og sikre ei meir samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursane, ved å redusere behovet for store private og offentlege investeringar i infrastruktur og forenkle tenesteproduksjonen til kommunen.

### Prinsipp for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging i Alver:

- Vi skal samordne utbyggingsmønster og transportsystem, slik at vi reduserer behovet for transport og legg til rette for meir bruk av klima- og miljøvennlege transportformer.
- Vi skal vurdere potensiale for fortetting, utviding og transformasjon av eksisterande bygde areal, før vi opnar for utbygging av nye område.
- Vi skal sørge for at ny utbygging er tilpassa eksisterande og/eller planlagt kapasitet på offentlege tenester, tilbod og teknisk infrastruktur.
- Vi skal ta omsyn til grønstruktur, forsvarleg handtering av overvatn, naturmangfald, matjord, kulturminne, kulturmiljø og estetiske kvalitetar.
- Vi skal legge til rette for at fleire kan gå og bruke sykkel i kommunen, og etablere samanhengande gang- og sykkeltilbod i og rundt sentra.
- Vi skal ta særleg omsyn til innbyggjarar som har låg mobilitet.
- Vi skal legge vekt på effektiv og sikker trafikkavvikling i planlegginga.



### Prinsipp for offentlege tenester/tilbod

Hovudtyngda av tenester og tilbod i Alver kommune ligg i dei definerte sentera og i tilknytning til skulane. For at flest mogleg skal ha nytte av idrettsanlegg og andre fritids- og kulturtilbod, må tilbodet vere der folk bur. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal legge til rette for at offentlege tenester og tilbod i hovudsak vert lokalisert slik at det bygger opp under eksisterande aktivitet og tilbod i definerte senter.

### Prinsipp for næringsutvikling

Næringslivet i Alver har ein etablert geografisk struktur, med eit tyngdepunkt på Mongstad og ved Fensfjordbassenget. Mål for næringsutviklinga skal vidareutvikle og forbetre næringslivet vårt sin posisjon inn i framtida. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal som hovudprinsipp vidareutvikle, fortette og bygge på eksisterande næringsområde, framfor å etablere nye næringsområde på areal som ikkje er bygd på.
- Vi skal ivareta og styrke etablerte næringsområde, med tilrettelagt infrastruktur (veg, vatn og avløp med meir).
- Vi skal i hovudsak legge kontorarbeidsplassar til region- og lokalsentera.



## Prinsipp for landbruksutvikling

Alver kommune er ein stor landbrukskommune. Alver skal forbetre landbruket sin posisjon gjennom å sikre produksjon og aktiv drift av landbruksarealet, eit aktivt skogbruk og vidareutvikling av tilleggsnæringar. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal ivareta og styrke etablerte landbruksområde.
- Vi skal ha eit sterkt jordvern.
- Vi skal sikre verdifulle skogareal mot inngrep.
- Vi skal legge til rette for utvikling av tilleggsnæringar som styrker grunnlaget for drift av landbrukseigedomane våre.
- Vi skal nytte massar frå utbygging som ressurs for forbetring av jordbruksareal.
- Vi skal legge til rette for at ein kan etablere bustadhus nr to og tre på gardsbruk som har eller planlegg for aktiv drift. Gjeld både når eksisterande hus ikkje er eigna som bustadhus (ikkje møter moderne krav) og ved generasjonsskifte.



## Prinsipp for strandsoneforvaltninga

Alver kommune har ei lang kystlinje, og store deler av kommunen har geografisk nærleik til sjø. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø, og legge til rette for verdiskaping i sjøområda.
- Vi skal sikre ålmenta sin tilgang til sjø ved tiltak i strandsona.
- Vi skal legge kartlegging av den funksjonelle strandsona til grunn, ved planlegging av tiltak i sjønære områder.

## 6.2 Prinsipp for senterutvikling

Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging er eit overordna styringsdokument for kommunane. Føremålet med retningslinja er å skape berekraftige og attraktive byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Samordninga skal og sikre ei meir samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursane, ved å redusere behovet for store private og offentlege investeringar i infrastruktur og forenkle tenesteproduksjonen til kommunen.

### Senterstruktur i Alver

Eit senter er eit geografisk område med ulike funksjonar som offentlege og private tenester, handel og bustad, som fungerer som eit knutepunkt til eit omland. Kor sentera skal vere blir bestemt i regional og/eller kommunal plan. Sentera blir plassert i eit hierarki (ulike senternivå) på bakgrunn av innbyggjartal og kva for servicenivå kvart senter skal kunne tilby.

Intensjonsavtalen til Alver kommune vedtok ein senterstruktur med Knarvik som region- og kommunesenter, og Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet, Vikebø og Bøvågen som lokal- og nærsenter.

Våren 2021 vart arbeidet med mogleighetsstudien for lokal- og nærsentra i Alver avslutta. Studien ga ei fagleg tilråding om at Alver kommune bør ha ein tredeling på senterstrukturen (i samsvar med føring i Regional plan for attraktive senter) for dei sju sentera som er definert i intensjonsavtalen til Alver kommune.

### KOMMUNE- OG REGIONSENTER:


Knarvik

### LOKALSENTER:

Manger, Frekhaug,  
Lindås og Ostereidet

### NÆRSENTER:

Vikebø og Bøvågen



Eit senter bør innehalde dei viktigaste funksjonane som innbyggjarane treng i kvardagen. Det vil vere ulike tilbod på dei ulike nivåa i senterstrukturen.

**Eit regionsenter** er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland. Eit regionsenter skal tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan vente å finne i alle kommunar. Vi reknar ein times køyretid som ein rimeleg avstand frå bustad til regionsenter. Knarvik er regionsenter for Alver og kommunane Modalen, Masfjorden, Austrheim og Fedje.

**Kommunesenter** er administrasjonssenteret i ein kommune. I Alver er Knarvik kommune- og regionsenter.

**Lokalsenter** har ulike funksjonar, handel og tenester, idrett- og kulturtilbod som er dimensjonert for eit større lokalområde i kommunen.

Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3.000 m<sup>2</sup> bruksareal for detaljhandel og har fleire funksjonar enn eit nærsenter. I Alver er Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet lokalsenter.

**Nærsenter** er eit mindre senter med opptil 3.000 m<sup>2</sup> samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse- og velvære tenester, idrett- og kulturtilbod som dimensjonert for nærmiljøet. I Alver er Vikebø og Bøvågen nærsenter.

Daglegvarehandel inntil 3000 m<sup>2</sup> kan bli lokalisert utanfor sentera i område med høg bustadkonsentrasjon og i tilknytning til bygdene. Handel, der vareutvalet i hovudsak er store varer, som biler, båtar, landbruksmaskiner, trelast, byggevarer og hagesenter, er ikkje rekna med i dei tillate handelsareala i sentera.

## Kvalitetar i sentera

Satsinga på å utvikle levande og attraktive sentera med varierte butilbod, gang- og sykkelsamband, møteplassar og kvalitet på lokale tilbod (handel, tenester og fritid) er ein styrke både for dei som bur i sentera og for innbyggjarane som bur i omlandet og nyttar sentera til ulike tenester og tilbod.

For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal samle sentrumsfunksjonane, slik at dei er tilgjengeleg for fleire.
- Vi skal legge til rette for fleirfunksjonelle område, «liv i sentrum» og sambruk.
- Vi skal legge til rette for varierte bustadtypar i alle sentera, gjerne nær til og i sentrum.
- Vi skal legge vekt på barn og unge sitt oppvekstmiljø.
- Vi skal legge til rette for at sentera skal ha samanhengande grønstruktur; nærtur, tursti, torg og møteplassar, samt gode koplingar til turstiar og friluftsområde utanfor sentera.
- Vi skal stille krav til estetikk/arkitektur.
- Vi skal ta vare på kulturmiljø og kulturlandskap og utvikla sentera med omsyn til den historiske utviklinga av området.
- Vi skal stille krav til universell utforming.
- Vi skal legge til rette for at sentera skal ha samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel).
- Vi skal primært ha offentlege vass- og avløpsanlegg der dette er økonomisk forsvarleg.





### Kompakt senterutvikling (Fortetting i eit Alver-perspektiv)

Funksjonane må vere mest mogleg samla for å sikre at sentera blir gode møteplassar og at fleire kan gå eller sykle. Med ei meir kompakt utforming av sentera styrker vi næringsgrunnlaget for handel. Vi legg til rette for sambruk av funksjonar og parkering, dette skaper grunnlag for nye funksjonar vi elles ikkje ville fått.

Prinsipp for avgrensing av sentera og sentrumsfunksjonane:

- Vi skal definere kva som skal vere lokal vekstsone for kvart senter for å hindre utflyting og sikre at nye utbyggingsområde kjem innanfor vekstsona: 1 til 2 km frå haldeplass i sentrum.
- Vi skal definere kva som skal vere sentrumsutstrekning for kvart senter for å samle fellesfunksjonane i kompakte og fleirfunksjonelle senterområde. Sentrumsutstrekninga skal vere tilpassa eksisterande funksjonar og reguleringsplanar.
- Vi skal sikre at ny detaljhandel lokaliserast innanfor sentrumsavgrensinga.
- Vi skal sikre at funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal ligge innanfor sentrumsutstrekninga, med unntak av arealkrevjande aktivitet, til dømes idrett.
- Vi skal legge til rette for at hovuddelen av ny bustadutvikling i delområdet bør skje innanfor lokal vekstsone.

## 6.3 Prinsipp for bygde- og grendeutvikling

I tillegg til sentera er det mange bygder og grender i Alver. Ein del av bygdene har nokre av dei same funksjonane som nærsentera og utfyller med dette senterstrukturen. Vi skal ha størst bustadvekst i dei definerte sentra våre, men vi ønskjer også å ta vare på å styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og bustadutvikling i heile kommunen. Når ny utbygging støtter opp om bygdene, vert grunnlaget for funksjonane i bygdene oppretthalde.

### Kvalitetar i bygdene og grendene

I kap. 6.2 Prinsipp for senterutvikling er det lista opp kvalitetar i sentera. Alver skal sikre mange av dei same kvalitetane ved utvikling i bygdene og grendene, men i ein mindre skala enn i sentera. For å nå måla for vidare utvikling tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp for utvikling i bygdene og grendene i Alver kommune:

- Vi skal legge til rette for at ny utvikling i hovudsak skal skje i tilknytning til eksisterande bygde areal, skule og barnehage.
- Vi skal legge til rette for ei bustadutvikling som støtter opp om bygdene og grendene.
- Vi skal vidareutvikle, og byggje på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på ubebygde areal.
- Vi skal legge til rette for trygg ferdsel for gåande og syklende.
- Vi skal sikre at utbygginga er lokalt tilpassa og tar omsyn til høgde og utnytingsgrad og utforming.
- Vi skal sikre at ny utbygging ikkje bygger ned areal med aktivt landbruk og verdifulle kulturmiljø.
- Vi skal legge til rette for varierte bustadtypar.
- Vi skal primært ha offentlege vass- og avløpsanlegg der dette er økonomisk forsvarleg.



## 6.4 Prinsipp for klimavenlege transportløyisingar

### Prinsipp for sykkel og gange

For å sikre at innbyggjarane våre i større grad kan gå og bruke sykkel til sine daglege reiser, er utbygging av infrastrukturen viktig. Standarden for gang- og sykkelnettet må tilpassast lokalt. I nokre områder kan tilbodet for gåande og syklande vere i blanda trafikk, mens det i andre områder bør vere separate anlegg for gåande og syklande.

For å nå måla tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal etablere samanhengande tilbod for gåande i gåavstand frå sentrum i dei definerte sentera.
- Vi skal etablere samanhengande tilbod for syklande i sykkelavstand frå sentrum i dei definerte sentera.
- Vi skal etablere trygge skuleveggar for gåande og syklande (Per 2021 har elevar som bur meir enn 4 km frå skulen rett på skuleskyss, difor reknast 4 km frå skular som skuleveg).
- Vi skal sikre gang- og sykkelveg i planlegginga av bumiljø.
- Vi skal ha sykkelparkering ved viktige målepunkt, til dømes ved kollektivknutepunkt og skule.
- Vi skal ha garderobar og plass til enkel sykkelstell for tilsette i offentlege bygg.




## Kollektivknutepunkt og hovudaksar for kollektivtransport

Frå sentera i Alver, inn mot Knarvik og til Bergen, er det potensiale for at kollektivtransporten kan vere eit alternativ til personbiltransport. Vidare satsing på sentera i Alver vil styrke dette.

For å nå måla tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal sikre at sentera i Alver er knutepunkt for kollektivtransport.
- Vi skal ha knutepunkt for kollektiv der mange bur og ferdast.
- Vi skal lette til rette for innfartsparkering i nærleiken av kollektivknutepunkt eller langs ein kollektivstamveg.



## Infrastruktur til nullutsleppssamfunnet

Til reiser der det ikkje er mogleg å gå, bruke sykkel eller ta kollektivtransport, er det avgjerande å legge til rette for at vi kan køyre el-bil i heile kommunen.

For å nå måla skal vi ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Når vi planlegg, bør vi legge til rette for at det kan etablerast offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur for nullutsleppskøyretøy, særleg i definerte senter.



## 6.5 Oppfølgingsoppgåver i kommuneplanen sin arealdel

Planprogrammet til arealdelen skal avklare kva tema som skal vurderast i planarbeidet. Følgjande tema er konkrete oppfølgingsoppgåver frå samfunnsdelen, og er ikkje ei uttømmende liste over alt som skal vurderast i arbeidet med arealdelen.

Tema vi skal sjå nærare på og ta stilling til i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel:

- Vurdere tilbakeføring av uregulert og regulert bustadareal, som ikkje er realisert, til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF).
- Fastsette lokal vekstsone for alle definerte senter.
- Fastsette sentrumsutstrekning for alle definerte senter.
- Fastsette regional vekstsone.

# 7

## Oppfølging av samfunnsdelen




Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for all kommunal aktivitet. For å sikre ei heilskapleg oppfølging av kommuneplanen, set plan- og bygningslova (pbl) krav om at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel. Handlingsdelen skal vise korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir, og handlingsdelen skal reviderast årleg (§11-1). Økonomiplanen (etter kommunelova § 14-2) kan inngå i eller utgjere handlingsdelen. Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i dei kommunale planane blir fulgt opp.

I Alver kommune vil økonomiplanen (etter kommunelova § 14-2) utgjere handlingsdelen til kommuneplanen. Handlingsdelen skal vise korleis overordna mål og strategiar i kommuneplanen og andre kommunale planar blir fulgt opp, og blir eit viktig strategisk verktøy som skal brukast til å sikre gjennomføring av kommunale planar.

På denne måten blir det lagt føringar for utviklinga av kommunen, der handlingsdelen viser kommunen sine prioriteringar av ressursar og oppgåver, innanfor det økonomiske handlingsrommet kommunen har dei neste fire budsjettåra eller meir.

Handlingsdelen blir kommunen sitt viktigaste verktøy for å sikre god økonomisk planlegging og styring. Handlingsdelen skal rullerast årleg i samband med økonomiplan- og budsjettprosessen.

Figuren viser korleis handlingsdelen bind saman overordna politikk i kommuneplan med prioritering av ressursar og oppgåver gjennom økonomiplan og budsjett.





**ALVER**  
KOMMUNE

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)